

# FOLKEHØGSKOLERÅDET

---

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF)

Folkehøgskolene  
Folkehøgskoleorganisasjonene  
Folkehøgskolebladene

J.nr.243/04/Rundskriv

Oslo 27.10.04  
FHSR-rundskriv 21/04

## OPPHALDSPENGAR SKOLEÅRET 2005/2006

Vedlagt følger vurderingar Økonomiutvalet har gjort for Folkehøgskolerådet med omsyn til prisutviklinga siste året i høve til utgifter for kost og losji. Folkehøgskolerådet sender ikkje ut ei tilråding om minsteprisar denne gonga, men ei oversikt over prisutviklinga, dette av omsyn til dialog med konkurransetilsynet.

Folkehøgskolerådet vil også gjere merksam på at nokre elevar som ber om spesiell diett har utvida økonomisk støtte av denne grunn.

Med helsing for Folkehøgskolerådet

Leon Haugsbø /s/  
-leiar-

Odd Arild Netland  
-sekretær-

Til folkehøgskulane

## Opphaldspengar skuleåret 2005-06

Økonomiutvalet har vurdert prisutviklinga i samfunnet siste året i høve til utgifter for kost og husrom. Konsumprisindeksen har auka med 1,5% frå 15. juli 2003 til 15. juli 2004. Utvalet meiner det vil vera fullt forsvarleg å auka prisane med 2,5% for 2005-06. Ein tar då med ekstra auke i lønskostnader og noko etterslep.

	Skular som 2004-05 bruker:	Endra utgifter 2005-06 vil bety:
Kost og husrom	40 300	<b>41 300</b>
Innm.pengar	1 000	<b>1 025</b>
Elevar som bur utanom internat	5 500	<b>5 640</b>
Utleige, døgerpris, vanlege kurs:	370	<b>380</b>
Utleige, døgerpris, enklare kurs *:	225	<b>230</b>
Gjestepris: **	60	<b>62</b>
Råkostpris: ***	40	<b>41</b>

Det kan også vera av interesse å vita at i 2004-05 tar skulane i gjennomsnitt:

Kost og husrom:                   kr 42.998,-  
Innm. pengar:                    kr 1.045,-

\* Utleige, enklare kurs: Denne prisen forutset overnatting på rom der kursdeltakarane sjølv gjer reint, ryddar rommet, event. overnatting på sal; eige sengetøy, hjelpe til i matsal, servering og rydding.

\*\* Gjestepris per elev/døger ved innkvartering ved andre folkehøgskular

\*\*\* Råkostpris: Sats for refusjon av kostpengar til eigne internatelevar ved turar etc. per døger.

Gjeld elevar, elevgrupper og skular som må/vil nytta andre skular som innkvartering i samband med prosjekt, ved gjennomreise eller anna opphald som blir avtalt på førehand dersom skulane har slik kapasitet.